



Sigvard Hopland
Nesbrekka 2
5912 SEIM

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/1125 - 18/17946

Saksbehandlar:
Tone Margrethe Berland Furustøl
tone.furustol@lindas.kommune.no

Dato:
05.06.2018

Førebels svar med trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 172/4 Hopland

Tiltak: ny grunneigedom
Byggjestad: Gbnr: 172/4 Seimsstranda 16
Tiltakshavar: Sigvard Hopland
Ansvarleg søkjar:

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 27.03.2018 i delingsak 18/1125 og byggesak 17/2879 – gbnr 172/4. Desse sakene vert sett i samanheng.

Tiltak:

- Opprette ny grunneigedom til bustadføremål.
- Rive deler av gamal driftsbygning samt silo.
- Oppføre ny garasje på ca. 50m² på deler av grunnmur til reven driftsbygning og som skal dele endeveg med del av eldre driftsbygning som skal behaldast.
- Etablere ny intern avkøyrsl frå privat veg (gbnr 172/4) til den nye bustadtomta og ny intern tilkomstveg på den nye bustadtomta.
- Utvida bruk av avkøyrsl frå Fvl. 401 til ny bustadtomt på gbnr 172/4. Eksisterand avkøyrsl vert stengt.

Søknad om dispensasjon

- Søknad om dispensasjon frå 15m byggjegrense mot FV.401 for oppføring av garasje på gamal grunnmur til del av reven driftsbygning.
 - Søknad om dispensasjon frå 15m byggjegrense mot Fv.401 for ny tilkomstveg til ny bustadtomt.
 - Søknad om dispensasjon frå LNF for:
 - oppretting av ny grunneigedom til bustadføremål.
 - oppføre ny garasje på ca. 50m² på deler av grunnmur til reven driftsbygning og som skal dele endeveg med del av eldre samt driftsbygning som skal behaldast.
 - etablere ny intern avkøyrsl frå privat veg til den nye bustadtomta og etablere ny intern tilkomstveg på den nye bustadtomta.
- (ikkje naudsynt med dispensasjon for riving).

Planstatus



Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen er definert som LNF-føremål med særleg omsyn landbruk.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Søknad om utvida bruk av avkøyrsløse frå Fvl. 401 til ny bustadtomt på gbnr 172/4 er eit søknadspliktig tiltak med ansvar. Det er omsøkt utan ansvar, jf. søknad frå tiltakshavar datert 08.12.2017 samt søknad av 27.03.2018. PRO og UTF for tiltaket må sendast inn. Gjennomføringsplanen må oppdaterast.
 2. Ikkje vist høgde på garasje. Høgde på garasje frå planert terreng må visast.
 3. Lengdeprofil samt nødvendige tverrprofil (ca. kvar 10 meter) av heile nye interne tilkomstvegen samt lengde og bredde på ny intern tilkomstveg må sendast inn. Bredde på eksisterande tilkomstveg samt bredde og sikt for ny privat avkøyrsløse må sendast inn.
 4. Privatrettslig avtale om bruk av eksisterande tilkomstveg som ligg på gbnr 172/4.
 5. Privatrettslig avtale om at del av driftsbygning som skal behaldas og som ligg på gbnr 172/4, skal vere ein del av gbnr 172/4 sin eigedom.
 6. Der det må gjevast eige løyve etter veglova, kan vi kun gje rammeløyve (utvida bruk av avkøyrsløse til FV 401 til ny bustadeigedom) . Ved krav om vedtak etter jordlov, kan vi kun gje rammeløyve (omdisponeringsvedtak samt delingsvedtak). Ved krav om vedtak etter kulturminnelova, kan vi kun gje rammeløyve (våningshus er Sefrak registrert).
- Vi må ha skriftleg tilbakemelding om søknaden skal gjerast om til rammeløyve.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn **samla innan 26.07.2018**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Tone Margrethe Berland Furustøl
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Knut Willie Jacobsen	Garvik	5912	SEIM
Sigvard Hopland	Nesbrekka 2	5912	SEIM

Mottakarar:

Knut Willie Jacobsen	Garvik	5912	SEIM
Sigvard Hopland	Nesbrekka 2	5912	SEIM